

Veslelia – Lillelien (gnr. 84)

Jordbruk med namn som ender på –lia, dativ –lien, har vore vanleg i Fåberg som i andre bygder.

Eit av desse bruk er Veslelia, som lenge var husmannsplass under søre Langset. Bruket vart busett i 1730, og det var da dåpsbarn der. Faren heitte Alf, og den vesle dotter hans vart døypt Ane. I tida ffrå 1734 til 1737 var det så 3 dåpsbarn til i Veslelien. Det var: 1. Hans f. 1734, 2. Marit f. 1735 og 3. Kari f. 1737.

Alf Olsen levde enda i 1757. Det vsr da ei sak om dette bruket, og saka som her kan vera av interesse, er etter utskrift av tingboka referert slik:

”Veslelien husmandsplads under Søndre Langsæt. Forening dat. 14. april 1757 tgl. 18. Juni s. å. Alf Olsen Veslelien av Faaberg bekjentgjør at hans bøxllede plads Veslelien fra begyndelsen har været en husmandsplads under Søndre Langset anlagt paa bemeldte gaards sønderste pynt, men efterhvert har han med gaardene Sæter, Hohlen og begge Hage, deres forrige og itsiges samtykke utvidet Vesleliens indhegning i sør ind paa deres sameie jord. Nu har han med disse gaardes oppsiddere Ole Sæter, Mads Hohlen, Siver og Lars Hage blit forenet saaledes at han svarer til dem aarlig av deres nu indlagde jord 1 rd. hvert aars 14. april.”

”Lillelien” finn ein namnet skrive i 1768. Husbondsfolka der var da Jon og Ane, som da fekk døypt sonen Kristen. Jon og Ane var framleis husbondsfolk der i 1771, da dei hadde fått dottera Gunil, men namnet på bruket er da skrive ”Lille Lien”.

Av andre kjelder går det fram at den Jon vi her har for oss, eigentleg heitte Jon Pedersen, og han gav i 1795 skjøte til sonen Kristen Jonsen. Etter det budde det ved folketellinga 1801 fire personar i ”Lille Lien”. Det var: 1. Christen Jonsen, husbonden, 38 år, 2. Kari Hansdtr., kona hans, 31 år, 3. Sigrid Halvorsdtr., tenestekvinne, 21 år, 4. Hans Halvorsen, far til kona, enkemann, 67 år.

Litt om storleiken på bruket går framav matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Lillelien” fortalt at buskapen av store husdyr på bruket da var 1 hest 3 naut, og at den årlege kornavlinga var ca. 15 tønner. – I 1834 var det Anne Kristensdtr. som hadde heimel på Veslelia. Ho gav da skjøte til Morten Kristensen Kanten, og det er opplyst at landskylda av Veslelia da var 1 skinn. Fem år seinare var det i 1839 matrikulering av gardane, og matr.skylda vart da omrekna til 1 skylddalar 17 skilling, og det var i den tid Kristen Jonsens enke som var oppsittar på garden.

Sytten år seinare var det derimot Morten Kristensen so var eigar av Veslelia. Han skjøta da garden til sønene sine, Kristen og Andreas for kjøpesum 500 spd. og eit føderåd verdsett til 250. spd. I dette skjøtet er elles namnet på garden skrive ”Weslelien”.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysninger om gardane. Der er det om ”Veslelien” oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje da utgjorde 95 mål, og av dette var 23 mål av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at buskapen i Veslelien da var 1 hest, 3 naut, 3 sauer og 11 geiter, og at den årlege utsæden var ikring 4 tønner korn og 3 ½ tn. settepoteter.

Tre år seinare fekk i 1888 Peder Olsen Bue ausksjonsskjøte på Veslelia for kjøpesum 307 spd. Men etter atter tre år gav i 1871 O. P. Bue kjøpekontrakt Til Kristian Nilsen Bekkelund, og fire år seinare vart garden selt vidare til Amund Simensen Langset for sum 345 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye, norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. Veslelien, som den offisielle skrivemåten av namnet da vart, fekk da eige gardsnr., nr. 84, og det var framleis bare eitt bruksnr. under gardsnr. 84

Veslelien. Det var: Grn. 84, brn. 1 Veslelien av skyld 2,77 mark, som Amund Simensen Langset også da var brukar og eigar av.

Amund Simensen Lillelien, som han da er kalla, brukte framleis garden i 1901, men i 1908 var han død, og enka Karen Johansdtr. Gav så skjøte til Olaf Johannessen på Veslelia, og dessutan på grn. 64, brn. 4 Øversveenga for kjøpesum kr. 4700,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 800,-.

Av handlar seinare med grn. 84 Veslelien eller parsellarav garden tek vi elles med at i 1914 kjøpte kjøpm. O. Johannessen hovudbruket grn. 84 brn. 1 Veslelien da av skyld 2,76 mark, og banksjef S. Fougner kjøpte samtidig brn. 2 Fognesbakken av skyld 0,01 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det likevel berre eitt bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da.) Det var: Grn. 84, brn. 1 "Veltlien" med eit jordbruksareal på ca. 70 mål og med Konrad Gogstad som eigar og Einar Linholm som brukar.